

Offentleg mynde
Berørte partar
Øvrige


05.02.2022

VARSEL OM OPPSTART AV DETALJREGULERING FOR NAUSTOMRÅDE ØREVIKNESET, GNR/BNR 33/1, 11, 75, PLANID 202106

På vegne av grunneigar Jan Inge Folgerø-Holm sender me med dette varsel om oppstart av detaljreguleringsarbeid av ovannemnde område ved Ørevikneset, Foldrøy i Bømlo kommune.


I gjeldande kommuneplan er området i hovudsak disponert til noverande andre typar bebyggelse og anlegg (naust), LNFR-areal for spredt bolig, fritids- eller næringsbebyggelse mv, og noverande boligbegyggelse. Ein søker å planlegga detaljregulering av område for utbygging av naust med tilhøyrande infrastruktur samt parkeringsareal. Det vert planlagt tilførselsveg til naustområdet.

I kommuneplanen sine føresegner § 3.1.3 vert det stilt krav til detaljregulering for område der det er plass til meir enn 4 naust i rekke, og det er på denne bakgrunn at ein ynskjer oppstart av detaljregulering av området.



Utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel – viser aktuelt utbyggingsområde. Til venstre eksisterande reguleringsplan 201511 Ørevik.

Utbyggingsområdet området omfattar g.nr 33, b.nr 1, 11 og 75. I samråd med planavdelinga i Bømlo Kommune er det tatt med eit område for mogeleg tilførselsveg som startar ved eksisterande privat veg og følger grensa til eksisterande reguleringsplan.



Planområdet

Føremålet med detaljreguleringsplanen er å planleggja for bygging av inntil 1 nytt naust, i tillegg til 1 eksisterande naust. Innanfor planområdet vert det tilrettelagt for naudsynt trafikkareal, parkering, kai, flytebrygger og småbåtanlegg i sjø og grøntområde.

Eksisterande bebyggelse

Innanfor det aktuelle naustområdet er det i dag 1 eksisterande naust med kai. Det er ikkje tilførselsveg eller parkeringsareal til naustet.

Avvik frå kommuneplan

Areal for tilførselsveg ligg i LNFR-område i gjeldande kommuneplan.

Innspel, merknadar og kommentarar ønskes tilsendt innan 23.03.2022 til:

Planlegg Bømlo as, Fylkesnesvegen 31, 5430 Bremnes, eller på e-post til post@planleggbomlo.no

Meir informasjon kan finnast på www.planleggbomlo.no

Med beste helsing

Vidar Onarheim

Planlegg Bømlo as

M: 469 20 337

Vedlegg: -*Vedtak om oppstart av detaljregulering, Bømlo kommune*
 -*Referat frå oppstartsmøte*